

## **VEDTEKTER KOMMUNALT NÆRINGSFOND FOR EID OG SELJE**

### § 1. Heimel, kapital, strategi og lover

Dei kommunale næringsfonda er kommunale fond som årleg får tildeling frå Sogn og Fjordane fylkeskommune etter fastsette retningslinjer. Fylkeskommunen får tildelt midlar til kommunale næringsfond frå Kap. 551, post 60 i dei årlege statsbudsjetta.

Næringsfond tildelt den enkelte kommune i samarbeidet Eid og Selje skal gå til tiltak i den aktuelle kommunen eller til større regionale prosjekt som går på tvers av kommunegrensene etter ein slik modell:

- 2/3 av fondet blir øyremerka den enkelte kommune
- 1/3 av fondet blir forvalta i ein fellespott til regionale prosjekt

Retningslinjer for bruk av fondet er kommunen sine mål, strategiar og prioriterte tiltak for det kommunale arbeidet med næringsutvikling. Dei til ei kvar tid gjeldande statlege og fylkeskommunale føringane gjeld for bruken av fondet, og bruken av fondet må vere i samsvar med det internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet, jf. EØS-tillegget til den europeiske fellesskap sitt Tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar .

### § 2. Føremål

Næringsfondet skal vere eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetjing i kommunen. Fondet skal nyttast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd, Tiltak i samsvar med kommunen sin næringsplan (utviklingsplan) skal prioriterast. Kvinner, ungdom og innvandrarak er ei prioritert målgruppe.

Bedriftsretta prosjekt under årleg fastsette grenser kan støttast frå kommunalt næringsfond. Søknad på prosjekt som ligg over grensene for kapitalbehov skal sendast til Innovasjon Noreg for vurdering og eventuell finansiering. Kapitalgrensene blir årleg fastsett av fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge.

Døme på tiltak/prosjekt som kan få støtte frå fondet (ikkje utfyllande liste):

#### Bedriftsutviklingstilskot

Til dømes:

- Undersøking og planlegging i samband med etablering av ny verksemd eller utviding av eksisterande verksemd.
- Etablerarstipend/oppstartstilskot
- Ekstraordinære opplæringstiltak og marknadsføringstiltak
- Produktutvikling

#### Investeringstilskot

Til dømes:

- Utstyr/maskiner og bygningar ved oppstart og utvidingar i mindre verksemder

#### Tilskot til tiltaksarbeid og kunnskapsretta infrastruktur

Til dømes:

- Etableraropplæring
- IT-prosjekt
- Samarbeid skule/næringsliv
- Regionalt samarbeid

#### Grunnlagsinvesteringar

Til dømes:

- Planlegging og tilrettelegging av næringsareal

Framlegg 11.01.2018

- Oppføring av industribygg
- Infrastruktur for reiseliv
- Senteropprusting

Prosjekt som tidlegare har fått støtte, skal i utgangspunktet ha lågare prioritet enn dei som søker for første gong.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til løpande drift. Midlane kan heller ikkje nyttast til garantiar eller aksjekapital i private bedrifter. Det vil ikkje bli gitt støtte til verksemder som tek imot vesentlege overføringar over statsbudsjettet eller andre offentlege budsjett.

### § 3 Støtnadsformer

Det kan bare gjevast støtte i form av tilskot.

### § 4 Støttevilkår

Samla støtte frå fondet til private næringsstilskot skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt med særleg betyding for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % støtte.

Ved søknad om eventuell ytterlegare støtte frå offentlege midlar innan utløpet av ein periode på tre år frå tildelt støtte, må det orienterast om støtta frå næringsfondet.

### § 5 Søknad

Søknad skal sendast til kommunen via [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no). Informasjon kan ein få ved å ta kontakt med Nordfjordeid Næringshage, i tillegg til at informasjon ligg tilgjengeleg på heimesida til Nordfjordeid Næringshage og på heimesidene til Eid kommune og Selje kommune.

### § 6 Utbetaling av tilskot

Innvilga støtte blir utbetalt etter skriftleg oppmoding og framlegging av dokumentasjon av utgifter som omsøkt. Det er høve til å søkje om delutbetaling av tilskotet, noko som blir handsama administrativt. Midlar som ikkje er nytta innan eitt – 1 – år frå tildeling, vert trekt attende og tilbakeført til fondskapitalen. Søklar skal varslast på førehand, og ved særlege høve kan det godkjennast ein lengre gjennomføringsperiode, men likevel ikkje lengre enn 2 år. Slik søknad blir handsama administrativt

### § 7 Forvaltning

Nordfjordeid Næringshage er næringsapparat for kommunane Selje og Eid. Kommunane forvaltar kvar sine delar av næringsfondet, medan fellespotten vert forvalta av fellesnemnda for Stad 2020.

Kvar kommune avgjer sjølve gjennom delegeringsvedtak kva organ som er avgjer søknadene. Fellesnemnda for Stad 2020 er avgjer søknader knytt til fellespotten.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal førast attende til fondet. Anna plassering av midlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.

Offentlegheitslov og forvaltningslov gjeld for forvaltninga av næringsfondsmidlane.

Det kommunale næringsfondet blir lyst ut ein gong kvart år. Utover dette blir søknader handsama fire gonger i året. Klageadgang skal påførast melding om vedtak, saman med dei reglar som gjeld for tildelinga av tilskotet.

### § 8 Klage

Vedtak om avslag på søknad om støtte frå næringsfondet er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan påklagast. Klageorganet i den enkelte kommune er klageinstans for den 2/3 av fondet som er øyremerka den enkelte kommune. Klageinstans for fellespotten er utval sett saman av ordførarane i kvar av

Framlegg 11.01.2018

samarbeidskommunane. Klagen skal vere skriftleg og stilast same kommune som mottok søknaden. Klage vert handsama i fondsstyret før den blir sendt klageorganet for endeleg avgjerd.

#### § 9 Årsmelding

Det skal kvart år leggjast fram ein rapport om bruken av fondet. Rapporten skal godkjennast av fondsstyra før vidaresending til Fylkeskommunen innan fastsett frist. Årsrapporten skal innehalde rekneskap med oversikt over bruken av tildelte midlar, prosjektoversikt med finansiering og ei vurdering av fondet i høve mål og tiltak. Det skal også rapporterast til KRD etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar og fristar.

#### § 10 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene vert godkjende av kommunestyret. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.